



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Tysdag 31. mars 2020 kl. 1800-2030

Stad: Telefonmøte

Desse møtte: Johnny Vikne, Jan Asbjørn Utne, Jarle Rasmussen, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

UFS 15/20: Orientering

UFS 16/20: Formalitetar rundt endra fjellstyrestruktur

UFS 17/20: Rypejakta 2020

UFS 18/20: Elgjakta 2020-2021

UFS 19/20: Hyttestyre

UFS 20/20: Hytteutleige 2020

UFS 21/20: Villreinjakta 2020

UFS 22/20: Eventuell endring av fredingssone på Ullensvang statsallmenning

UFS 23/20: Endring av fiskereglar for Ullensvang statsallmenning

UFS 24/20: Eventuelt

Johnny Vikne /s/

Jan Asbjørn Utne /s/

Hildegunn Espe /s/

Jarle Rasmussen /s/

Synnøva Sæbø /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Ullensvang kommune

Hardanger Folkeblad



UFS 15/20: Orientering

Saksdokument:

2020.02.18-010 Statskog - Vedtak i sak om anmodning om forsterka fjellstyre for Ullensvang statsallmenning
 2020.02.20-137-Ullensvang skulemusikklag-Gåvepremie basar
 2020.02.26-612.3 Villreinutvalet-Invitasjon til vårmøte
 2020.02.26-612.3 Villreinutvalet-Invitasjon til årsmøte i villreinutvalet
 2020.02.26-612.3 Villreinutvalet-Høyering på forslag til villreinkvote 2020
 2020.02.27-137-Ullensvang fjellstyre-gåvepremie basar 2020 Ullensvang skulemusikklag
 2020.02.28-145.4. Ullensvang fjellstyre-Søknad om midlar frå Grunneigarfondet til fiskeforbetrande tiltak
 2020.02.28-145.9. Ullensvang fjellstyre-Søknad om midlar frå Kvinnheradstiftinga til fiskeforbetrande tiltak
 2020.02.28-145.9. Ullensvang fjellstyre-Søknad om midlar frå Sparebankstiftinga Hardanger til fiskeforbetrande tiltak
 2020.02.28-145.9. Ullensvang fjellstyre-Søknad om midlar frå Sparebanken Vest fiskeforbetrande tiltak
 2020.02.28-145.4 Ullensvang fjellstyre - Påminning om utbetaling av midlar til bru over Hansbubekken frå Grunneigarfondet
 2020.03.06-127 Rekneskap & Økonomi Voss as - Revisjon for Ullensvang fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2019
 2020.03.11-011.1 Ullensvang fjellstyre - Framlegg om godtgjersle for Ullensvang fjellstyre i perioden 2020-2023
 2020.03.23-651.1-Borgstrøm - Aurebestandar i Ullensvang statsallmenning - Årsrapport 2019
 2020.03.23-651.1-NINA - Analyser av miljø-DNA for påvisning av ørekyt på Hardangervidda
 2020.03.24-127 Indre Hordaland Revisjonsdistrikt - Revisjon for Odda fjellstyre 2019
 2020.03.24-145.9 Ullensvang fjellstyre - Søknad om midlar frå Amedia til fiskeforbetrande tiltak

Saksutgreiing:

Gjennomgang av postliste, orientering om økonomi med meir på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Kort gjennomgang ved sekretær.

Rapporten Aurebestandar i Ullensvang statsallmenning – Årsrapport 2019 blir sendt ut til styret.

**Vedtak (sak UFS 15/20):**

Fjellstyret tek orienteringa til vitande.

UFS 16/20: Formalitetar rundt endra fjellstyrestruktur**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Det har blitt retta spørsmål til Statskog om prosedyre for «avslutting» av Odda fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning og overføring av midlar til gjeldande fjellstyre for Ullensvang statsallmenning.

Tilbakemeldinga frå Statskog er som fyljer:

- Odda fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning sluttar å eksistere som eit resultat av kommunesamanslåinga og oppnemning av fjellstyremedlemmer for Ullensvang fjellstyre
- Statskog meiner det er naturleg å behalde Ullensvang fjellstyre sitt org.nr. dersom mogleg.
- Formelt sett representerer nye Ullensvang fjellstyre no alle dei tre gamle fjellstyra, og det blir slik dei ser det difor riktig å overføre fjellkassa for Odda fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning til Ullensvang fjellstyre
- Statskog kjenner ikkje til kva krav som blir stilt til avslutting/overføring av føretak
- Dersom banken treng ei stadfesting ved overføring og avslutting kan dei ta direkte kontakt med Statskog (merknad frå sekretær: dette er truleg også aktuelt for Altinn/Enhetsregisteret)

Framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i endra fjellstyrestruktur i samband med kommunesamanslåinga frå 1.1.2020 gir Ullensvang fjellstyre sekretær fullmakt til å gjere fyljande endringar:

- Overføre verdier i Odda fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning til Ullensvang fjellstyre (org. nr. 975 691 225)
 - Avslutte bankkontoar tilhøyrande Odda fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
 - Avslutte Odda fjellstyre (org. nr. 989 551 647) og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning (org. nr. 975 691 217)
 - I dialog med revisor for Ullensvang fjellstyre opprette opningsbalanse for Ullensvang fjellstyre med verknad frå 1.1.2020
-



Referat:

Styret samla seg rundt framlegg til vedtak.

Vedtak (sak UFS 16/20):

Med bakgrunn i endra fjellstyrestruktur i samband med kommunesamanslåinga frå 1.1.2020 gir Ullensvang fjellstyre sekretær fullmakt til å gjere fyljande endringar:

- Overføre verdier i Odda fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning til Ullensvang fjellstyre (org. nr. 975 691 225)
- Avslutte bankkontoar tilhøyrande Odda fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- Avslutte Odda fjellstyre (org. nr. 989 551 647) og Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning (org. nr. 975 691 217)
- I dialog med revisor for Ullensvang fjellstyre opprette opningsbalanse for Ullensvang fjellstyre med verknad frå 1.1.2020

Samrøystes vedteke.

UFS 17/20: Rypejakta 2020

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Rypejakta blir regulert litt forskjellig i statsallmenningane på Hardangervidda. På Eidfjord og Øvre Numedal statsallmenningar blir det ikkje opna for jakt før resultatet av taksering er gjennomført tidleg på hausten. Desse statsallmenningane har større areal med lirypeterreng – som er mogleg å takserer, i motsetnad til fjellrype. På Rauland statsallmenning blir det opna for sal av jaktkort frå 1. april, men med avgrensingar på tal kort som blir lagt ut for sal. Røldal fjellstyre har utsett sak om rypejakta 2020 til neste møte.

Ullensvang har dei åra det har vore opna for jakt hatt fritt kortsal. Det er ikkje nødvendigvis feil å ha fritt kortsal på Ullensvang statsallmenning, sjølv om andre fjellstyre gjer andre vurderingar. Det spelar inn at området ligg høgt til fjells, og er vanskeleg tilgjengeleg samanlikna med dei andre statsallmenningane. Sekretær meiner likevel fjellstyret bør gjere eit bevisst val om dei skal halde fram med fritt kortsal, eller om det skal gjerast vurderingar frå år til år.

Det blei selt 181 jaktkort på småvilt for sesongen 2019/2020. Det er registrert fangstrapport frå dei aller fleste (manglar rapport frå sju jegerar). Fangststatistikken viser at det er jakta 273



ryper på Ullensvang statsallmenning jaktseasonen 2019/2020 (137 fjellrype og 136 lirype) (tabell 1). 263 fuglar blei jakta i løpet av den fyrste veka, åtte fuglar helga etter, og to i februar 2020. Jegerane har registrert at dei har drive jakt totalt 204 dagar. Av desse er det registrert fangst på 118 av dei.

	Fjellrype	Lirype	Rype
15.09.2019	4	15	19
16.09.2019	9	24	33
17.09.2019	25	34	59
18.09.2019	21	17	38
19.09.2019	22	22	44
20.09.2019	20	19	39
21.09.2019	25	4	29
22.09.2019	2		2
28.09.2019	4		4
29.09.2019	3	1	4
07.02.2020	2		2
SUM	137	136	273

Fangststatistikken viser at rypejakta på Ullensvang statsallmenning i all hovudsak skjer den fyrste veka av jaktperioden.

Rypebestanden varierer mykje frå år til år. Tidleg på sommaren 2019 var det kaldt og surt vèr, noko som ein reknar med førte til at få kyllingar vaks opp. Det blei registrert lite fugl utover sommaren og hausten, men med lokale variasjonar. I jakta blei det observert store kull, så klekking og overleving av kylling har truleg ikkje feila heilt.

I 2018 var det i motsetnad til 2019 mykje fugl å sjå. Jaktseasonen 2018/2019 blei det selt 131 jaktkort. Fangststatistikken viser at det blei jakta 149 ryper (72 fjellrype, 77 lirype). Det er rapportert 141 jaktdagar, med fangst på 71 av dei.

Samanliknar ein dei to jaktseasonane så viser det seg at det er jakta fleire ryper per jaktdag i 2019/2020 (1,34 rype per jaktdag) enn 2018/2019 (1,06 rype per jaktdag). Med bakgrunn i observasjonar av fugl det enkelte år kunne ein forvente motsett resultat. Dette kjem nok av vèrtilhøva det enkelte år. Hausten 2018 var det mykje dårleg vèr, og det kom snø tidleg. Hausten 2019 var det betre vèr. Det er i alle tilfelle verdt å merke seg at jakta likevel i all hovudsak går føre seg den fyrste jaktveka.

Oppsummering:

- Tilgang til området, og vèrtilhøva det enkelte år styrer uttaket i større grad enn tilgang på jaktkort.
- Det aller meste av jakta skjer dei fyrste to vekene etter jaktstart 15. september. Etter dette er det svært vèravhengig om det blir drive jakt eller ikkje. I alle høve vil omfanget av jakta etter dei to fyrste vekene vere svært lite.



Konklusjon:

Sekretær vurderer det til å vere tilrådeleg at det blir opna for fritt kortsal på Ullensvang statsallmenning.

Framlegg til vedtak:

Ullensvang fjellstyre opnar for fritt kortsal i heile jaktperioden, som tidlegare år.

Referat:

Kort diskusjon om saka. Styret slutta seg til framlegg til vedtak.

Vedtak (sak UFS 17/20):

Ullensvang fjellstyre opnar for fritt kortsal i heile jaktperioden, som tidlegare år.

Samrøystes vedteke.

UFS 18/20: Elgjakta 2020-2021

Saksdokument:

- 18-20 Generelle bestemmeleser vedrørende elg- og hjortejakt i statsallmenning
- 18-20 Oversiktskart vald og teljande areal (markert raudt)

Saksutgreiing:

Elgjakta på Ullensvang statsallmenning skal lysast ut på nytt før årets sesong. Kvota i år er okse og kalv, og til neste år ku og kalv. Elgjakt på statsallmenning kan lysast ut for inntil fem år i slengen. Det har tidlegare blitt lyst ut for to år i slengen, og sekretær tilrår å halde fram med det.

Det skal vere ei rimeleg fordeling mellom innan- og utanbygdsbuande, jf. forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 3. Det har vore ein praksis at innanbygdsbuande kan prioriterast i trekkinga i maksimalt 60 % av jakta, jf. tolking av fjellova i brev frå Miljøverndepartementet av 7. april 2009 og retningslinjer til forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning. For jakt på elg er det kommunegrensene pr. 28. oktober 2015 som definerer kven som er innanbygdsbuande, jf. forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i



statsallmenning § 8. Valdet ligg i heilheit i gamle Ullensvang herad, så det er innanbygdsbuande i Ullensvang herad fram til kommunesamanslåinga som er innanbygdsbuande i denne samanheng. For å oppretthalde den fordelinga vedtok Ullensvang fjellstyre i 2018 ein 10-årsplan for perioden 2012-2021, som tilseier at innanbygdsbuande jaktlag kan prioriterast i den siste perioden (2020 og 2021), slik at jakta i 10-årsperioden blir tildelt innanbygdsbuande jaktlag i 3 av 5 tildelingar.

Det er utarbeida generelle retningslinjer for elgjakt på statsallmenning, sjå vedlegg. Desse retningslinjene kan i stor grad nyttast slik dei er, men sidan det er vanskeleg å gjennomføre veking/kontroll av kjøt etter jakta, er det lagt opp til at oppgjer for kjøt blir gjort etter fastsette vektor. Før jakta i 2018 og 2019 blei det fastsett snittvektor for nærliggjande vald som grunnlag for oppgjer. Det blir tilrådd å nytte dei same vektene for dei neste to åra.

Betaling for jakta består av ei grunnavgift som blir betalt på førehand, og etterbetaling pr kg kjøt, pluss fellingsavgift. Grunnavgifta blir tilbakebetalt for felte dyr. I 2018 og 2019 blei det nytta ein pris frå ein standardtabell for fjellstyra, der det blir dyrare for tyngre dyr. Prisane med utgangspunkt i den tabellen blei som vist i tabell 2. Det blir tilrådd å gå noko ned på prisen for denne perioden. Årsaka til dette er at området ligg høgt til fjells, og ein er avhengig av helikoptertransport (eventuelt traktortransport frå Hansbu) for å få ut kjøt. Jaktidsramma er 25. september til 23. desember. Det betyr at det kan vere ein kort periode frå jaktstart før det legg seg snø i høg fjellet. For å oppretthalde interessa for elgjakta, og motivere jaktlaget til å legge ned ein god innsats for å få felt dyr, blir det lagt fram eit forslag om ein lågare kg-pris enn tidlegare – 75 kr/kg for alle kategoriar dyr (tabell 2).

Tabell 1. Prisar for elgjakta i perioden 2018 og 2019.

			Oppgjer for felte dyr		
	Grunnavgift	Kg	Kr/kg	Sum	Trekt frå grunnavgift
kalv	2500	60	66,67	kr 4 000	kr 1 500
ku	3000	161	84,58	kr 13 617	kr 10 617
okse	3500	190	89,72	kr 17 047	kr 13 547

Tabell 2. Framlegg til prisar for elgjakta i 2020 og 2021.

Framlegg til prisar for åra 2020 og 2021						
			Oppgjer for felte dyr			
	Grunnavgift	Kg	Kr/kg	Sum	Trekt frå grunnavgift	
kalv	2500	60	75	kr 4 500	kr 2 000	
ku	3000	161	75	kr 12 075	kr 9 075	
okse	3500	190	75	kr 14 250	kr 10 750	
1 1/2-årig ku/okse		125	75	kr 9 375	kr 6 375/ kr 5 875	



* I staden for vaksen okse/ku kan det skytast 1,5-årig dyr (grunnavgifta blir lik).

Framlegg til vedtak:

- Inatur/fjellstyresambandet får fullmakt til å gjennomføre trekking og tildeling av elgjakta for åra 2018 og 2019.
- Innanbygdsbuande jaktlag blir prioritert i trekkinga
- Dei generelle retningslinjene for elg- og hjortejakt i statsallmenning blir gjort gjeldande for elgjakta på Ullensvang statsallmenning for åra 2020 og 2021, med fyljande endringar:

Punkt 4 Veiing/kontroll blir erstatta av fyljande tekst:

Oppgjer for felte dyr skal skje etter fylgjande middelvekter:

Kalv: 60 kg

1 ½-åring: 125 kg

Vaksen ku: 161 kg

Vaksen okse: 190 kg

5. Ved jaktslutt: tilleggspunkt:

d) Underkjeve frå alle felte dyr skal leverast til fjellstyrekontoret etter jakta.

- Fjellstyret vedtek fyljande grunnavgift i 2020 og 2021:

Grunnavgift kalv: 2.500,-

Grunnavgift ku: 3.000,-

Grunnavgift okse: 3.500,-

- For felte dyr blir grunnavgifta trekt frå, og oppgjer for felte dyr blir gjort etter fyljande prisar:

Alle kategoriar dyr: 75 kr/kg

Fellingsavgift til kommunen kjem i tillegg.

Vedtaket vert gjort med heimel i § 8 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.



Referat:

Styret slutta seg til framlegg til vedtak.

Vedtak (sak UFS 18/20):

- Inatur/fjellstyresambandet får fullmakt til å gjennomføre trekking og tildeling av elgjakta for åra 2018 og 2019.
- Innanbygdsbuande jaktlag blir prioritert i trekkinga
- Dei generelle retningslinjene for elg- og hjortejakt i statsallmenning blir gjort gjeldande for elgjakta på Ullensvang statsallmenning for åra 2020 og 2021, med fyljande endringar:

Punkt 4 Veiing/kontroll blir erstatta av fyljande tekst:

Oppgjjer for felte dyr skal skje etter fylgjande middelvekter:

Kalv: 60 kg

1 ½-åring: 125 kg

Vaksen ku: 161 kg

Vaksen okse: 190 kg

5. Ved jaktslutt: tilleggspunkt:

d) Underkjeve frå alle felte dyr skal leverast til fjellstyrekontoret etter jakta.

- Fjellstyret vedtek fyljande grunnavgift i 2020 og 2021:

Grunnavgift kalv: 2.500,-

Grunnavgift ku: 3.000,-

Grunnavgift okse. 3.500,-

- For felte dyr blir grunnavgifta trekt frå, og oppgjjer for felte dyr blir gjort etter fyljande prisar:

Alle kategoriar dyr: 75 kr/kg

Fellingsavgift til kommunen kjem i tillegg.



Vedtaket vert gjort med heimel i § 8 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

Samrøystes vedteke.

UFS 19/20: Hyttestyre

Saksdokument:

Saksutgreiing:

I tråd med sak 04/30 på sist møte ynskjer fjellstyret at det blir oppretta hyttestyre.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Utkast til retningslinjer for hyttestyre, samt merknad til utkastet frå Georg Gjøstein, dagleg leiar i Fjellstyra på Hardangervidda, blei sendt ut til styret i førekant av møtet.

Det var semje i styret om å ha utkastet til retningslinjer, med endringsforslag frå Georg Gjøstein, som eit utgangspunkt. Jan Asbjørn Utne, Jarle Rasmussen og sekretær lagar eit endeleg utkast til retningslinjer til fjellstyremøtet i haust.

Styret ynskjer rapport frå arbeidet som blir gjort på hyttene i løpet av vinteren.

Vedtak (sak UFS 19/20):

Fjellstyret gjennomfører oppgåvene i tråd med konklusjonen i referatet.



UFS 20/20: Hytteutleige 2020

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Utleigeordning

Jamfør orientering på førre fjellstyremøte må fjellstyret ta stilling til utleigeordning og prisar.

Sekretær ser det som uaktuelt å gå vekk frå utleigeordninga Ullensvang fjellstyre hadde til og med 2019. Spørsmålet er om hyttene som tilhørde Odda fjellstyre skal inn på same løysing, eller om dei skal driftast «manuelt» som i fjor.

Pris

Fjellstyret må vedta prisar for utleige i 2020. Prisane i 2019 er vist i tabellen under.

Tabell 3. Prisar for leige av fjellstyrehyttene i 2019.

Fjellstyrehytter	Pris pr. døgn pr. person
Ullsbu	kr 130
Rogdabu	kr 110
Naustet	kr 130
Raudåna	kr 130
Raudåna – oppsynshytta	kr 130
Persbu	kr 110
Bjørnavassbu*	kr 100
Belebu*	kr 100
Langavatnet*	kr 100

*50% meir for utanbygdsbuande

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Jarle Rasmussen kom med fyljande framlegg til utleigeprisar:

Fjellstyrehytter	Pris pr. døgn pr. person
Ullsbu	kr 100
Rogdabu	kr 90
Naustet	kr 100
Raudåna	kr 100
Raudåna – oppsynshytta	kr 100
Persbu	kr 90
Bjørnavassbu	kr 100
Belebu	kr 100
Langavatnet	kr 100
Holmavatnet	Kr 90

Dobbel pris for utanbygdsbuande.

Styret slutta seg til framlegg til prisar.

Sekretær orienterte om korleis forskjellig pris for innanbygdsbuande og utanbygdsbuande kan løysast i praksis ved bruk av Scanatura. Det blir nytta innanbygds-pris ved tildeling til innanbygdsbuande etter søknadsfrist for sommar og haust, og deretter utanbygds-pris på nettløysinga. Innanbygdsbuande må då ta kontakt med fjellstyret i ettertid for å få refundert mellomlegget.

Styret slutta seg til denne ordninga.

Utleigeordninga skal evaluerast etter sesongen.

Dersom situasjonen knytt til koronaviruset gjer at fjellstyret i løpet av sesongen må avslutte utleige av fjellstyrehyttene vil leiga bli refundert.

**Vedtak (sak UFS 20/20):**

Fjellstyret vedtek fylgjande utleigeprisar for 2020:

Fjellstyrehytter	Pris pr. døgn pr. person
Ullsbu	kr 100
Rogdabu	kr 90
Naustet	kr 100
Raudåna	kr 100
Raudåna – oppsynshytta	kr 100
Persbu	kr 90
Bjørnavassbu	kr 100
Belebu	kr 100
Langavatnet	kr 100
Holmavatnet	Kr 90

Dobbel pris for utanbygdsbuande.

Samrøystes vedteke.

Sekretær orienterte om korleis forskjellig pris for innanbygdsbuande og utanbygdsbuande kan løysast i praksis ved bruk av Scanatura. Det blir nytta innanbygds-pris ved tildeling til innanbygdsbuande etter søknadsfrist for sommar og haust, og deretter utanbygds-pris på nettløysinga. Innanbygdsbuande må då ta kontakt med fjellstyret i ettertid for å få refundert mellomlegget.

Styret slutta seg til denne ordninga.

Utleigeordninga skal evaluerast etter sesongen.

Dersom situasjonen knytt til koronaviruset gjer at fjellstyret i løpet av sesongen må avslutte utleige av fjellstyrehyttene vil leiga bli refundert.



UFS 21/20: Villreinjakta 2020

Saksdokument:

- 21-20 Ordningar for jakta som gjeld inntil vidare

Saksutgreiing:

Søknadsordning

Sekretær ser det som uaktuelt å gå vekk frå ordninga med søknad og tildeling via Inatur, slik Ullevang fjellstyre har hatt dei tre siste åra. Spørsmålet er om søknad og tildeling av kort på valdet HA 281 som tidlegare tilhørde Odda fjellstyre skal inn på same ordninga. Sekretær tilrår dette. Det er tidsbesparande, kostnadsbesparande (manuelt sal av reinskort er ikkje grunnlag for refusjonsmidlar) og praktisk på alle måtar for fjellstyret. Sal av reinskorta via Inatur sikrar ein kontroll opp mot jegeravgiftsregisteret. Det er ein stor fordel, ikkje minst med tanke på situasjonen knytt til koronaviruset, som kan føre til at kortutdeling ikkje bør/kan gjennomførast etter gamal metode. Å søkje på reinskort og betale via Inatur er ei teknologisk utfordring for nokre av dei eldste søkjarane. Ein er avhengig av å ha ei e-postadresse som søknaden blir knytt opp til. Dei er då avhengige av å få hjelp av familie/vener. Sekretær for fjellstyret vil og hjelpe via telefon, og Inatur har ein support-teneste som kan nyttast. Det er truleg svært få personar dette gjeld.

Handtering av kortfordeling HA 281 og HA 282

Sekretær tilrår at det i søknadsprosessen berre blir nytta **ein** kategori innanbygdsbuande. Vidare vil det etter trekking bli skilt på dei to kategoriane innanbygdsbuande. Tildeling vil då skje i tråd med fjellova.

Kortpakkar

Det blir lagt opp til ei kvote på 5000 dyr, fordelt på halvparten fritt dyr, og halvparten bukk 2,5 år eller eldre. Dette gir totalt 516 kort på dei to valda samla. Med eit forventet jegerantal på ca. 250 innanbygdsbuande, ligg det til rette for at alle innanbygdsbuande får tildelt kort med ei tildeling av to kort til kvar jeger. Det blir tilrådd å tilby berre pakke på to kort (fritt dyr og bukk i pakken). Dersom fjellstyret ynskjer å tilby pakke på eit kort, gir det visse utfordringar med å få kabalen til å gå opp. I høyring på forslag til villreinkvote understrekar Villreinutvalet at det er ynskjeleg at like mange bukkekort som fritt dyr-kort kjem i bruk.

Pris

Oversikt over prisar for villreinjakt i dei to fjellstyra for dei to siste åra er vist i tabellen under.



Tabell 4. Prisar for villreinjakt på Ullensvang statsallmenning 2018 og 2019.

Villreinjakt 2019	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande	Villreinjakt 2018	Innanbygdsbuande
<u>Ullensvang</u>			<u>Begge fjellstyra</u>	
Bukkehort	kr 1 500		Kalv	kr 600
To bukkehort	kr 3 000	kr 6 000	S/u	kr 1 200
Tre bukkehort	kr 4 000		Fritt dyr	kr 1 900
<u>Odda</u>				
Bukkehort	kr 1 900	kr 3 800		
To bukkehort	kr 3 800	kr 6 500		

Tabell 5. Prisramme (utanbygdsbuande).

Villreinjakt	
Fritt dyr	kr 6 500
Liten bukk inntil 55 kg	kr 5 100
Simle/ungdyr	kr 3 400
Kalv	kr 1 600

Dersom fjellstyret sel reinskorta i pakkar på to kort, er det naturleg å sjå prisane i samanheng med det. Sekretær tilrår fyljande prisar for 2020:

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Bukk 2,5 år eller eldre	1500	3000
Fritt dyr	1750	3500

Kortreturordning

Kortreturordning i år er noko problematisk, då det fort kan bli fleire fritt dyr-kort i omløp enn bukkehort dersom det blir opna for retur og vidaresal. **Det blir ikkje tilrådd å ha kortreturordning.** Dersom fjellstyret likevel ynskjer kortreturordning blir det tilrådd fyljande ordning:

Kort innlevert innan 1. september (postlagt seinast 1. september) blir refundert med 25% av innanbygds-pris dersom dei blir selt vidare.

Det blir berre selt kort til jegerar i fyljande kategoriar:

1. Innanbygdsbuande søkjarar som ikkje blei tildelt reinskort på Ullensvang statsallmenning før jaktstart
2. Jegerar som blei tildelt reinskort på Ullensvang statsallmenning før jaktstart



Innleverte kort blir selt vidare for 50% av full pris.

Ordningar for jakta:

Det er vedteke reglar for jaktlag, nattefreding, telting, fredingssoner og opplæringsjakt som gjeld inntil vidare, sjå vedlegg.

Andre aktuelle ordningar som fjellstyret kan ta stilling til:

Tiltak for unge fyrstegongsjegerar

Fjellstyra har tidlegare hatt ei ordning der innanbygdsbuande fyrstegongsjegerar får tildelt eit reinskort til redusert pris. I 2019 tildelte Ullensvang fjellstyre eit bukkkort til unge fyrstegongsjegerar 16-18 år for 300,-. Odda fjellstyre tildelte unge fyrstegongsjegerar 16-19 år eit bukkkort til 950,-.

Samjakt

Det har ikkje kome inn søknadar om samjakt.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret nyttar Inatur som salsside for reinskorta i 2020.

Fjellstyret gir fullmakt til at trekking og sal av reinskort blir gjort av sekretær i samråd med Inatur.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 23 og 24.

Fjellstyret tildeler ein pakke beståande av kort på eit fritt dyr og ein bukk 2,5 år eller eldre i 2020.

Fjellstyret vedtek fyljande prisar:

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Bukk 2,5 år eller eldre	1500	3000
Fritt dyr	1750	3500

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 25.

Tiltak for unge fyrstegongsjegerar:

Inga framlegg til vedtak.



Referat:

Det kom inn søknad om samjakt frå private vald i Ullensvang før møtet. Det var semje i styret om å utsette handsaming av søknaden til neste fjellstyremøte.

Det var semje i styret om å bruke Inatur som salsside for reinskort i 2020.

Tiltak for unge fyrstegongsjegerar:

Det var semje om å tilby fyrstegongsjegerar 16-19 år eit kort på fritt dyr til 500,-.

Kortpakkar og prisar:

Fjellstyret tilbyr fyljande kortpakkar og prisar i 2020:

Pakke 1: 1 kort bukk 2,5 år eller eldre: kr 1.500

Pakke 2: 1 kort bukk 2,5 år eller eldre og 1 kort fritt dyr: kr 3.000

Pakke 3: 1 kort bukk 2,5 år eller eldre og 2 kort fritt dyr: kr 4.500

Prisane over er for innanbygdsbuande – dobbelt pris for utanbygdsbuande.

Kortreturordning:

Fjellstyret har ikkje kortreturordning i 2020.

Overføring av kort:

Det var semje i styret om at det skal vere mogleg å overføre kort etter 1. september til andre jegerar som er tildelt kort på Ullensvang statsallmenning. Fjellstyret presiserer reglane for dette før jakta.



Vedtak (sak UFS 21/20):

Fjellstyret nyttar Inatur som salsside for reinskorta i 2020.

Fjellstyret gir fullmakt til at trekking og sal av reinskort blir gjort av sekretær i samråd med Inatur.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova §§ 23 og 24.

Tiltak for unge fyrstegongsjegerar:

Fjellstyret tilbyr fyrstegongsjegerar 16-19 år eit kort på fritt dyr til 500,-.

Fjellstyret tilbyr fyljande kortpakkar og prisar i 2020:

Pakke 1: 1 kort bukk 2,5 år eller eldre: kr 1.500

Pakke 2: 1 kort bukk 2,5 år eller eldre og 1 kort fritt dyr: kr 3.000

Pakke 3: 1 kort bukk 2,5 år eller eldre og 2 kort fritt dyr: kr 4.500

Prisane over er for innanbygdsbuande – dobbelt pris for utanbygdsbuande.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 25.

Kortreturordning:

Fjellstyret har ikkje kortreturordning i 2020.

Overføring av kort:

Det var semje i styret om at det skal vere mogleg å overføre kort etter 1. september til andre jegerar som er tildelt kort på Ullensvang statsallmenning. Fjellstyret presiserer reglane for dette før jakta.

Samrøystes vedteke.



UFS 22/20: Eventuell endring av fredingssone på Ullensvang statsallmenning

Saksdokument:

- 22-20 Fredingssone nord gjeldande frå og med 2018
- 22-20 Fredingssone sør gjeldande frå og med 2018
- 22-20 Fredingssone trekant Hansbu
- 22-20 Fredingssoner 2013-2017
- 22-20 Gjeldande fredingssone nord med framlegg om tillegg av trekant ved Hansbu (stipla linje)

Saksutgreiing:

Fredingssonene i reinsjakta på Ullensvang statsallmenning som er gjeldande til det blir gjort eit nytt vedtak blei vedteke før jakta i 2018. Før den tid var det to fredingssoner i åra 2013-2017 som dekkja eit større areal enn dagens fredingssoner. Før 2013 var det ein fredingssone på statsallmenningen – mellom Rekkjingeskar, stølsbolet Hansbu og punktet der Blånutbekken krysser fylkesgrensa. I 2013 blei denne fredingssona teke med i den store fredingssona som gjaldt i åra 2013-2017. Då det blei gjort endring i fredingssonene i 2018 blei den gamle «trekanten» ikkje teke med i fredingssona. Det opna opp for jakt mellom Hansbu og grensa for statsallmenningen mot aust. Dette er eit flatt område på begge sider av Kvenna. Frå Hansbu og ned til Skyttarfossen er det vanleg at flokkar kryssar elva. Dette området blei freda i si tid (1980-talet?) for å unngå jakt på området – truleg grunna farlege situasjonar og av omsyn til trekket over Kvenna.

Sekretær meiner det er fleire moment som tilseier at fjellstyret bør vurdere å gjeninnføre den gamle trekanten.

Den gamle «trekanten» er ei fredingssone som «alltid» har vore der. Det er stor aksept for den fredingssona blant jegerane.

For at flokkar skal krysse elver er det viktig at dei får ro. Det er ein kjent sak at flokkar ofte vil snu og trekke opp i høgda når dei blir forstyrra ved slike kryssingsstader.

Slik fredingssona er no er det fritt fram for å jakte på flatane søraust for hyttene på Hansbu. Det hender og at det kjem dyr mellom hyttene og elva. Jakt tett på hyttene på Hansbu kan føre til farlege situasjonar.

I jakta 2019 blei det meldt inn frå jegerar til oppsynssentralen på Skinnarbu at jakt i området som tidlegare var del av den freda trekanten hindra trekk over Kvenna. Dette blei og observert av jaktoppsyn. Ved minst eit høve trakk dyr vestover mellom stølsbolet og Kvenna. Det blei då stilt på dyr frå hytteveggane på Hansbu.

Sekretær tilrår at fjellstyret legg ut på høyring framlegg om gjeninnføring av trekanten på Hansbu frå og med jakta 2020. Det blir vidare tilrådd at denne fredingssona gjeld heile jakta,



uavhengig av eventuelle vedtak om oppheving av fredingssoner mot slutten av jakta. Høyringsperioden kan leggjast til tida fram mot neste fjellstyremøte 5. mai.

Framlegg til vedtak:

Ullensvang fjellstyre legg ut på høyring framlegg om gjeninnføring av fredingssona «trekanten» mellom Rekkjingeskar, stølsbolet på Hansbu og punktet der Blånutbekken krysser fylkesgrensa frå og med jakta 2020. Det blir lagt til grunn at denne fredingssona skal gjelde heile jakta, uavhengig av eventuelle vedtak om oppheving av fredingssoner mot slutten av jakta.

Referat:

Styret sluttar seg til framlegg til vedtak.

Vedtak (sak UFS 22/20):

Ullensvang fjellstyre legg ut på høyring framlegg om gjeninnføring av fredingssona «trekanten» mellom Rekkjingeskar, stølsbolet på Hansbu og punktet der Blånutbekken krysser fylkesgrensa frå og med jakta 2020. Det blir lagt til grunn at denne fredingssona skal gjelde heile jakta, uavhengig av eventuelle vedtak om oppheving av fredingssoner mot slutten av jakta.

Samrøystes vedteke.



UFS 23/20: Endring av fiskereglar for Ullensvang statsallmenning

Saksdokument:

- 23-20 Gjeldande fiskereglar Ullensvang statsallmening

Saksutgreiing:

Endring av definisjon av innanbygdsbuande i fiskereglane:

Etter kommunesamanslåinga er det naudsynt å endre nokre punkt i fiskereglane for at definisjonen av innanbygdsbuande blir rett. Sekretær tilrår fyljande definisjon på innanbygdsbuande: «*innabygdsbuande i områda som låg i Ullensvang herad utanom Storås og Lilleås, Odda kommune utanom Røldal, og bygdene Kvanndal og Lussand*»

Folk sin kjennskap til kva område dette gjeld vil over tid forsvinne. For å vise dette kan det lagast eit kart som ligg på salssida på Inatur. Punkta som må endrast er 9 og 12.

Endring av fiskereglane for å legge til rette for tynningsfiske:

Jamfør innkjøp av finmaska garn til fjellstyrehyttene som ligg ved vatn i Kvennavassdraget og Bjørnavassdraget (naustet ved Nedsta Krokavatnet, Raudåna, Belebu, Persbu og Bjørnavassbu) bør det gjerast ei endring i garnfiskereglane som opnar for å bruke finmaska garn i tillegg til dei 10 garna alle som har kjøpt garnfiskekort kan bruke. Sekretær tilrår å opne for at det kan nyttast inntil fem garn med maskevidde inntil 26 mm i tillegg til dei 10 garna.

Sekretær tilrår fyljande endring av punkt 15 i fiskereglane:

Maks tal garn pr. fiskar er 10. stk. Det kan i tillegg nyttast inntil fem garn med maskevidde inntil 26 mm.

Vurdering av endring av fiskereglane:

Det har opp gjennom åra blitt gjort ei rekke undersøkingar av fiskeressursane på Ullensvang statsallmenning. Mykje av dette er samla på nettsida til Ullensvang fjellstyre:

http://hardangervidda-fjellstyra.no/index.php?pagePreview=1&p=1_128

Kunnskapsgrunnlaget om fiskeressursane på Ullensvang statsallmenning er vurdert til å vere god (jf. naturmangfaldlova § 8), og føre-var-prinsippet blir difor ikkje gjeldande (jf. naturmangfaldlova § 9). Tilvekst og rekruttering til bestandane i dei ulike vatna og elvane er i stor grad styrt av temperatur og snøtilhøve. Snørike vintrar i kombinasjon med kaldt vêr om sommaren fører til redusert rekruttering og tilvekst. Tilsvarande fører høge temperaturar om sommaren, gjerne i kombinasjon med ein snøfattig vinter, til god rekruttering. Ein god sommar gir gode tilhøve for tilvekst, men individuell tilvekst er ofte avgrensa grunna høg konkurranse i tette bestandar. Generelt er rekruttering i dei mest høgtliggjande vatna mest marginal, medan dei store vassdraga i Kvennadalføret og Bjørnadalføret jamt over har høg rekruttering. Det er godt kjent at det er behov for tynningsfiske i dei mest sentrale vatna i statsallmenningen for å oppretthalda god individuell tilvekst som igjen vil gi fisk av god



kvalitet. Ved å opne for at kvart enkelt garnfiskar kan nytte fem finmnaska garn i tillegg til dei 10 garna dagens fiskereglar opnar for blir det lagt til rette for eit tynningsfiske som vil kunne gi ein positiv effekt på bestandane. Omfanget av garnfiske på Ullensvang statsallmenning er vurdert til å vere på eit såpass lågt nivå at det ikkje er sett på som aktuelt at denne regelendringa kan føre til overbelastning av bestandane. Regelendringa vil heller ikkje føre til ein merkbar større belastning på økosystemet, då tynningsfisket vil bli gjort i samband med anna fiske (jf. naturmangfaldlova § 10). Naturmangfaldlova §§ 11 og 12 er vurdert til å ikkje vere relevante i denne samanheng.

Framlegg til vedtak:

Ullensvang fjellstyre endrar punkt 9, 12 og 15 i fiskereglane for Ullensvang statsallmenning, og gir dei fyljande ordlyd:

9. Fiske med oter og garn er berre tillate for innanbygdsbuande i områda som låg i Ullensvang herad utanom Storås og Lilleås, Odda kommune utanom Røldal, og bygdene Kvanndal og Lussand, mot løysing av garnfiskekort. Sjå unntak for garnkort for utanbygdsbuande (punkt 18-21).

12. Fiske med garn er tillate for innanbygdsbuande i områda som låg i Ullensvang herad utanom Storås og Lilleås, Odda kommune utanom Røldal, og bygdene Kvanndal og Lussand, mot løysing av garnfiskekort. Garnfiskekortet gjeld også for fiske med stong, handsnøre og oter i tilsvarende tidsrom.

15. Maks tal garn pr. fiskar er 10 stk. Det kan i tillegg nyttast inntil fem garn med maskevidde inntil 26 mm.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 30.

Referat:

Styret sluttar seg til framlegg til vedtak.

Vedtak (sak UFS 23/20):

Ullensvang fjellstyre endrar punkt 9, 12 og 15 i fiskereglane for Ullensvang statsallmenning, og gir dei fyljande ordlyd:

9. Fiske med oter og garn er berre tillate for innanbygdsbuande i områda som låg i Ullensvang herad utanom Storås og Lilleås, Odda kommune utanom Røldal, og bygdene Kvanndal og Lussand, mot løysing av garnfiskekort. Sjå unntak for garnkort for utanbygdsbuande (punkt 18-21).



12. Fiske med garn er tillate for innanbygdsbuande i områda som låg i Ullensvang herad utanom Storås og Lilleås, Odda kommune utanom Røldal, og bygdene Kvanndal og Lussand, mot løysing av garnfiskekort. Garnfiskekortet gjeld også for fiske med stong, handsnøre og oter i tilsvarende tidsrom.

15. Maks tal garn pr. fiskar er 10 stk. Det kan i tillegg nyttast inntil fem garn med maskevidde inntil 26 mm.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 30.

Samrøystes vedteke.

UFS 24/20: Eventuelt

Ulike tema som blei diskutert:

- Sekretær orienterte om ordninga som det er lagt opp til for utleige i sommar og haust.
- Val av revisjonsfirma etter endring av fjellstyrestruktur
- Norges Fjellstyresamband har bedt om innspel til arbeidsprogrammet for dei neste to åra om kva dei har vore gode og mindre gode på, og kva dei bør prioritere dei neste to åra. Dette blei kort diskutert, og det kom innspel om at kurset for nyvalde fjellstyre som blei arrangert i februar var bra. Vidare blei det spelt inn at fjellstyresambandet bør bli meir synlege, blant anna i samband med samlingar der lovverk og anna blir diskutert. Innspela blir sendt NFS.
- Sekretær orienterte om søknadsprosess og betaling for jaktkort gjennom Inatur
- To båtar tilhøyrande fjellstyret blir lagra i Skarsmo. Eigaren av lagerbygget der dei blir lagra ynskjer at dei blir flytta. Det var semje i styret om å få dei flytta snarast mogleg. Det blir vurdert om fjellstyret skal bruke båtene vidare, eventuelt om dei kan seljast eller om dei må vrakast.
- Ordning med lavvo i Grøndalen blei diskutert. Det kom innspel om at det er behov for toalett i Grøndalen, då mange teltar her i samband med fiske. Sekretær undersøker moglegheita for å få løyve til å bygge eit enkelt toalett. Dersom det blir aktuelt ynskjer fjellstyret synfaring i sommar.
- Landingsplassar for helikopter i samband med reinsjakta blei diskutert. Hildegunn Espe tek med innspela til Tilsynsutvalet, som er rette fora for dette spørsmålet.
- Det blir lagt opp til ein tilsynsrunde på alle hyttene for å få oversikt over status i løpet av vinteren.